



Vestland Fylkeskommune
Postboks 7900
5020 Bergen

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/577 - 22/71113

Saksbehandlar:
Kjartan Medaas
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:
21.09.2022

Søknad om dispensasjon og arealoverføring til uttale - gbnr 305/7 Fløksand


Tiltak: Søknad om frådelling av landbruksareal
Byggjestad: Gbnr 305/7
Tiltakshavar: Terje Fløysand
Ansvarleg søkjar: Jens Bjordal

Saka gjeld søknad om frådellinga av 3 landbruksteigar frå gbnr 305/7. Areala skal vera tilleggsareal til gbnr 305/3 som er landbrukseigedom i aktiv drift. 2 av teigane (Teig A og B) grenser til gbnr 305/3 og kan overførast som arealoverføring. Den siste teigen (Teig C) må opprettast som ny grunneigedom.


Teig A er på omlag 21 da og består av 2 innmarksteigar skilt av Fløksandvegen.
Teig B er på omlag 125 da skog/ utmark på nordaust sida av Rosslandsvegen.
Teig C er på om lag 79 da skogsteig i Oneset.
Areala henta frå matrikkelen.

Landbruksavdelinga i Alver kommune har i vedtak saknr. 666/22 datert 28.02.2022 gjeve løyve til deling etter jordlova.

Kart




Oversiktskart



Byggje- og delegrense mot sjø.



Teig A. Frå situasjonsplanen



Utsnitt av reguleringsplan for Fv 564.
Grense teig B markert med gult

Byggje- og delgrense mot sjø.

Del av teig A ligg innanfor byggje- og delegrense mot sjø i kommunedelplan for Meland. Det er søkt om dispensasjon frå grensa med følgjande grunngjeving:

Frådelinga det er søkt om, er at landbruksdelen av bnr. 7 skal overførast til nabobruket. Drifta og arealbruken vert ikkje endra i høve til nåverande bruk. Dvs. at frådelt areal framleis skal vera landbruk. Einaste endringa er at arealet får ny eigar og nytt bruksnummer.

Kart over arealet med byggjegrensa/ delegrense mot sjø har kommunen synt som kartutsnitt i sitt brev datert 15.09.22.

Det vert med dette søkt om dispensasjon frå Byggje/delingsgrense mot sjø for frådeling av dette arealet.

Reguleringsplan for FV. 564 Fløksand- Vikebø

Etter at søknad om arealoverføring vart mottaken er reguleringsplan for FV. 564 Fløksand-Vikebø vedteken av kommunestyret i Alver kommune. Reguleringsplanen deler teig B i to.

Alver kommune vurderer at det ikkje er trong for dispensasjon frå reguleringsplanen då arealoverføringa vert til uendra bruk, landbruksformål. Frådelinga vil ikkje vera til hinder for gjennomføring av planen då kjøpar er kjent med at arealet er regulert til vegformål. Bruken til landbruksformål vil berre vere til oppstart av utbygging av ny veg. Det vil etter kommunen si meining heller ikkje vere til ulempe i prosessen med grunnnerverv då det i praksis berre er eigarskifte på arealet som vert gjort. Kjøpar eig gbnr 305/3 som vert omfatta av grunnnerverv litt lengre nord på vegtraséen. Soleis vil Fylkeskommunen få ei mindre part å forhandle med om det vert gjeve løyve til omsøkte arealoverføring.

Frist

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Kjartan Medaas
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om dispensasjon frå byggje og delegrense mot sjø m m
Uttale - Utvida bruk av avkøyrslé- fv. 564 - gbnr 305/7 Fløksand
Førebels svar med trong for tilleggsopplysningar - gbnr 3057 Fløksand
Svar på utsendt brev om trong for tilleggsopplysningar - gbnr 305/7 Fløksand
Søknad om deling. Restareal. Kart nr. 2
Søknad om deling side 1 av 2
Brev til kommunen vedk. overføring av areal.
Søknad om deling Side 2 av 2
Søknad om overføring og deling Kart nr. 1
Søknad om overføring Kart nr. 3

Kopi til:

Jens H N Bjordal	Grønlandsvegen 11	5918	FREKHAUG
Terje Fløysand	FLØKSAND 76	5918	FREKHAUG

Mottakarar:

Statsforvaltaren i Vestland	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Vestland Fylkeskommune	Postboks 7900	5020	Bergen